Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 Fylke: S.Tr.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hemne

Emne: Julefest og julebalar Bygdelag: Vinjeøra

Oppskr. av: Arne Sødal Gard: Kvilldsro

(adresse): Kyrksæterøra G.nr. 77 Br.nr. 7-8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, i allefall der det er born
2. Jam. Lars Mort. d. Kring, 75 år, fortel at dei hadde ikkje juletre hos dei da han var liten; så han reknar det kan vera rundt 70 år sia det tok til med den skikken. Da dei yngre søskena hans kom til, vart juletre årvisst. Men til å byrja med var det sjølsagt berre innom annan. Vanleg vart det nok ikkje før etter hundreårsskiftet.

3. På festar og samankomster er det noko seinare juletreet kom i bruk. Første offentlege juletrefesten her i kommunen var jula 1903, da Ingebrigt Sødal skipa til fest i eit nyskipa barnelag, med song, kringgang, tale og små gåvepakker til borna. No er det så mange lag og sammenslutningar som skal ha juletrefest at jula vil ikkje strekka til, om ein driv på heilt til trettandedagen. Det er vel berre på dansefestane det ikkje er med.

I Kyrkja er det først dei 4-5 siste åra det har vore drive med

2

jületrefest, skipa til av eit kristeleg ungdomslag. I skülen her hadde vi jülefest först og kan minnast, så det er vel inngrå 50 år sia det bar til.

4. Nei, det er i alle fall ingen ümmalek - at det kanskje lagt ein bordduk oppå ommen, for å gje god ange. Men hakka einer på golvet var svært vanleg.

5. I siste åra har somme byrja, - etter förebilde frå byen - å pynta inni stüa med farga mangeleta papirremser og snorer ünder loftet, kring lampa o.l. Men det er ikkje vanleg.

6. Det rettar seg etter stüa og hövet. Er det borre, har ein gjerne treet så stort som det går an, 1.5 til 2.5 m. Er det berre nokson i hüset, nöjer ein seg helst med ei büske som ein set på eit bord i ei krå. Til festar tek ein det så stort som ein berre har rom til. 3 til 5 m.

7. Först jületrea kom på brük, var det svært einfelt med pynten. Aldri tale om anna enn heimestöypte talglys, som ein batt fast med tråd. I toppen var det alltid eit trükårzzetjøs, altså trigreina. Og elles var det papir i ümsa leter som ein laga lekkjer, korger og annan pynt av. Små gåver kunne og bli hengde i treet. Far laga såleis små hestar av tre til oss - og dei fann vi gjerne der. Men så vart det da betre med kvart. Det bar til å baka kjeks og figurar av både folk og dyr, gjerne med litt krot og måling på, og det var no fælt så gromt. Slikt vart og snart å få i

handelen. Kring 1905 tykjer eg vi fekk i glas-
kuler - og „spyd" til å setja i toppen. På same tid
vart det og lys å få kjøpa. Eple bar det og
til å hengja på da dei kom i handelen. Og
i korgane la ein nokre rosinar, sviskar,
drops o. l. Men så auka det på stor-
veges med alt slag stas, så siste åra
før krigen var det berre så det lavde
på alle greiner av alt som var å få.
Og ein fekk stakar til lysa. På store
tre bar det tilbly til å nytta større
lys. Ein sette dei på flate tre som
ein feste to og to i kors i fleire høgder
oppetter treet. Det siste er no at ein
på fester omtrent seg med elektrisk
lys på juletreet.

8 Helst har det vore dei vaksne som
~~stod~~ for pyntinga, men borna fekk no
gjerne hjelpa til - eller sjå på.

9. Vanleg står treet på golvet, i ein fot,
jultrekross ..., i alle fall når det er noko
stort. Små tre blir helst sette på eit bord
i ei krå.

10. Ein åt gjerne noko tidleg til kvelds.
Heime las så far juleevangeliet. Og så
vart lysa tende og ein tok saman i ring
og gjekk rundt treet og song nokre jule-
songar. Etterpå vart så gåvene tekne fram
under treet og delte ut. Men ein måtte
spara på lysa, så dei kunne vara jula ut.
Nyårskvelden var det og gjerne song kring
treet, og elles når det høvde t. d. når det
kom framande born til gards. Og så brukar
mange „å syng ut tree", ikkje akkurat ein
viss kveld, men når det best høvde. Ein tend

da ofte med andre born, så det blir eit lite lag. Ofte blir da og treet hausta til slutt.

11. Ja, alltid. Dei vanlege julesongane og salmane. Dei mest vanlege har her vore: Et barn er født, Glade jul. Jeg synger julekvad o.fl. I seinare år har nynorske salmar komme meir i bruk: Kling no klokka. Sæle jolekveld, No kjem Guds englar o.fl.

12. Ikkje så fast med det. Til trettandedag i alle fall. Men ofte lenger.

13. Ja det er gjerne borna som står for haustinga.

14. Her er furu det mest vanlege, da her ikkje veks gran. Men no har mange byrja planta gran, og dei som har så pass gran, tek helst dei. Eg har og ein gong sett eine nytta til juletre.

15. Ukjent her.

16. Nei

1. Jam søster mi, no 75 år, minnest at det heime vart strødd halm utover golvet første natta etter stua var vaska rundt til jul. Men han vart utbord att til julekvelds. Det var kring 1882. Men det vart da snart slutt med det. Halmen vart strødd laust. Om andre i grenda gjorde det, hugsar ho ikkje. Lars Moe fortel at han kan ikkje minnast det var halm på golvet der hjå dei. Men hos somme av grannane var det enno i bruk. Men dei låg ikkje i halmen. Og han vart utbord juldagsmorgonen, trudde han.

2. Knapt.

3. Truer helst han berre vart strødd laust utanmed.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4. Nei eg veit ikkje meir om denne halmen. Men det er mykje truleg at så eit hundre år sia var denne skikken ålmenn.

Tillegg til spm. 7.
Marit Sødal, f. i Snillfjord, 70 år, fortel at i 1889 kom ein slektning heim frå Amerika, og han fekk i ei lita gran og pynta til juletre åt dei og sette på eit bord. Han hadde sett det i Amerika. Og ho trur at dette var første juletreet der i Snillfjorden.

Eldste syster mi, Guri Lomundal, 75 år, kan ikkje minnast jul utan juletre, så heime hos dei har det vore i bruk minst 70 år. Ho fortel og at ho 9 år gamal var med foreldra til prestegarden på juletrefest. (Presten Schjeldrup) Og der var song, og tale av presten, og gåvepakkar.

Men ho trur det tok mange år før det vart vanleg med juletre kringom i grenda.

Elleve år gamal var Guri bedden til faster si. Bror hennar var da komen heim frå underoff.skulen. Og han bad saman fleire av slektningane og heldt juletrefest. Han hadde vel lært det i byen.

Kyrksæterøra 8/3 1950

Arne Sødal

3983
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING